

Sundfør og Bjella til Festidalen

17.12.2015



Susanne Sundfør kjem til Festidalen 2016.

To nye artistar er klare for Festidalen. Susanne Sundfør og Stein Torleif Bjella. To prisvinnande artistar frå øvste hylle i norsk musikk. Saman med The Mormones og Miss Tati utgjer desse dei fire første artistane på festidalenplakaten 2016. Sundfør er kortreist, og Bjella kjem frå gard. Klart dei skal til Festidalen!

Susanne Sundfør:

Knapt nokon norsk artist har motteke så mykje heider frå eit samla pressekorps. Og det for både utgivelsar og opptredenar. Alt frå NRK og Aftenposten til britiske The Guardian gir ho full pott. Norgesturneen hennar for 2016 er straks utseld! Og som headliner på Øya i sommar trollbant ho over 10.000 tilskodarar med ein "maktdemonstrasjon så intens at musikkhistorie vart skriven der og då" (Aftenposten). Og Festidalen vil jo ikkje vera noko därlegare enn våre venner i Øya! Ho vert med rette omtala som ein norsk nasjonal-skatt, og denne skatten finn du på enden av regnbogen tidleg i august på Festidalenscena, mellom bakkar og berg utmed havet.

Stein Torleif Bjella:

Sidan solodebuten i 2009 har Stein Torleif Bjella etablert seg som ein humoristisk og sjærmerande heidersmann på den norske scena. Fyren har verkeleg sett spor. Med linjer som "Kan eg få vegrett heim til deg? Du skal få bruksrett på heile meg" og "Psykisk kan du vera sjølv" dreg han lyttaren inn i si underfundige verd. Spellemannspris og Prøysenprisen er to av prisane han har fått slengt etter seg. Denne karen kjem til å vinne mange hjarter i Uskedalen. Visepoesi møter humor, Alf Prøysen møter Tom Waits, og du møter opp. Stein Torleif Bjella opnar festidalen 2016.



Hans Torleif Bjella kjem til Festidalen 2016

Festidalen såg dagens ljós første gang i 2003. Og til sommaren gjennomfører me Festidalen for 10. gang. Fleire av våre faste tilskodarar var der allereie første året. Andre har byrja å bygge tradisjonen seinare. Og fleire kjem til for kvart år. Jubileumsåret skal sjølv sagt slå alle rekordar. Programmet byrjar verkeleg å ta form. Berre småting gjennstår før fleire artistar er signerte. Dei rabatterte billettane er framleis tilgjengelege. Så kjøp denne julegåva til deg sjølv eller nokon andre du er forbaska glad i. Me sjåast på julefesten, og me sjåast på jordet til sommaren!

Uttale frå Bookingansvarleg Daidalos Dahle:

-Kvalitet! Begge desse artistane er reinspikka kvalitet. Og begge står for ei heilt unik nærhet og intensitet til eigne låtar og publikum.

-Susanne Sundfør hypnotiserer deg inn i ei ufattelag kjenslesterk verd som overvelder på så mange plan. Herregud, ho på Festidalen. Dette blir heilt sprøtt!

- Tekstuniverset til Bjella er sterkt, nært, mørkt og deileg humoristisk. Konsertane hans er uforgløymelege. Han er den perfekte opnaren av Festidalen

Tekst: Festidalen

Pressefoto

Nett: Thor Inge Døssland